



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Søknad om forlenga byggefrist - Kasseelva kraftverk - Vanylven kommune

Småkraft AS ber om å få forlenga byggefristen for Kasselva kraftverk fram til 16.06.2026. Bakgrunnen for at utbygginga ikkje har starta er mangelfullt nett i området. Det er utarbeidd ein oppdatert naturmangfaldrapport (2022) i samband med søknaden.

Merknader

Vi kom med merknader til konsesjonssøknaden i 2013, der vi rådde til at eit redusert utbyggingsalternativ (alt. B) vart valt. Dette ut frå både landskapsmessige tilhøve, mindre reduksjon av inngrepsfrie naturområde og færre konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Dette vart det tatt omsyn til da konsesjonen vart gitt i 2014.

I samband med søknad om utsett byggefrist er det gjort ei ny naturmangfaldkartlegging. Den viser at røyrgata vil bli liggande i naturtypen olivinskog. Olivinskog er omfatta av *Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven*, jf. § 3 pkt. 8. Kva betydning denne utveljinga har følgjer av naturmangfaldlova (nml) §§ 53-56.

Etter nml § 53 skal ein ved utøving av offentlig mynde ta særskilt omsyn til førekomstar av utvalde naturtypar. Vidare må konsekvensane for den utvalde naturtypen klarleggast. Dette inneber at NVE må gjere ei særskilt vurdering av konsekvensane av inngrepet for olivinskog som grunnlag for vedtaket, jf. også vurdering etter miljørettsprinsippa (nml §§ 8-12).

Etter det vi forstår vil røyrgatetraséen i hovudsak gå gjennom eit granplantefelt. Det er heller ikkje registrert særskilte raudlisteartar i området. Kvalitetane i utbyggingsområdet er derfor ikkje så høge at vi vil gå imot vidare utvikling av prosjektet. Skal ein vurdere å gje forlenga byggefrist bør det likevel stillast særskilte vilkår til løyvet som kan bidra til å oppretthalde eller om mogleg betre tilstanden i olivinskoglokaliteten.

For olivinskog er det viktig å oppretthalde kontakt mellom vegetasjonsdekket og olivinhaldig berggrunn/lausmassar. Vi ber difor om at ein tar ut hogstavfallet for å unngå å bygge opp humusdekket. Vidare bør ein unngå å tilføre massar ut over det strengt nødvendige (t.d. til omfylling), men nytte massane på staden. Særleg gjeld dette det øvste laget slik at ny overflate får god kontakt med olivinstein/olivinberggrunn. Dette er viktig for at olivinskogen kan kome tilbake



etter kvart. Større olivinstein kan også med fordel bli lagt oppe i dagen. Eventuelle tilførte massar må vere reine massar utan jord, frø og planterestar for å unngå introduksjon av framande artar. Området bør revegeterast naturleg utan tilsåing.

Kunngjering av vedtak

Alle løyve til tiltak i førekomstar av ein utvald naturtype skal kunngjerast i minst éi avis som er alminneleg lest på staden eller på den måten som følgjer av den enkelte lova, jf. nml § 56.

Vedtaket skal også registrerast i Miljøvedtaksregisteret, sjå nærare rettleiing på [Miljøvedtaksregisteret - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljovedtaksregisteret.miljodirektoratet.no). Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir brukartilgang til registeret om de ikkje allereie har det.

I tilfelle nokon klagar på vedtaket vil vi elles minne om at overordna miljøvernmyndigheit skal uttale seg til klaga, jf. nml § 56 andre ledd. Det vil her i så fall vere Miljødirektoratet.

Meir rettleiing om utvalde naturtypar finn de her: [Forskrifter om utvalgte naturtyper - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://forskrifter.miljodirektoratet.no)

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VANYLVEN KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Rådhusvegen 1 6143 FISKÅ
Postboks 2500 6404 MOLDE